

Bjarte Nordås
Gamle Telemarksvegen 38
4865 Åmli
Tlf. 99211785
Epost: bjarte.nordas@vabb.no

Åmli, 28.09.2014

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Høring kommuneplan - uttale

Viser til framlegg til revidert arealdel i den reviderte kommuneplanen for Meland kommune.

Som eigarar av gnr 27, bnr 48,77,78,79 og 80 ønsker vi å gje følgjande uttale til arealdelen.

Våre besteforeldre, Berge og Johanna Sudmann, skilte i 1969 ut overnemnte eigedomar med tanke på å gje dei vidare som bustadtomter/fritidsbustadtomter til sine barn/barnebarn. Den faktiske overdraginga skjedde først i 1984, då buet etter våre besteforeldre vart oppgjort.

Vi har seinare ved fleire høve fått henvendingar frå AS Meland Tomteselskap om å knytte våre eigedomar til selskapet sin infrastruktur som veg, vann og kloakkanlegg.

Vi søkte kommunen ved brev av 17.10.06 om oppstart av privat reguleringsplan for utviding av Moldekleiv bustadområde til og å omfatte våre eigedomar, til saman 40 daa. Vedlegg 1

Saka blei behandla i planutvalet 24.01.2007, sak 007/07. Planutvalet tilrådde at det ikkje vart starta opp reguleringsarbeid for bustadområde på Moldekleiv nå og at ei utviding skulle vurderast ved neste revisjon av kommuneplanen. Vedlegg 2

Viser og til vår reaksjon på vedtaket i brev til Meland kommune av 03.05.07 og svar frå administrasjonen av 14.06.07. Vedlegg 3 og 4.

Vi valte å melde våre ønsker inn i arbeidet med revidering av kommuneplanen.

Vi registrerer nå at det vert foreslått å utvide bustadområdet på Moldekleiv, B_4 og at ein del av gnr 27, bnr 48 er med i det foreslåtte området. Det er vi glade for, men er skuffa over at resten av bnr 48 og bnr 77,78,79 og 80 ikkje er med.

Det er vanskeleg å forstå grunngjevinga for dette.

Det hjelper lite at det er stor kapasitet på ledig areal for bustadformål, dersom areala ikkje er attraktive nok. Vi meiner at ei regulering av våre eigedomar vil gje svært attraktive tomter. Eigedomane ligg og i forlenging av eksisterande bustadområde, noko som er gunstig med tanke på bruk av eksisterande og ny infrastruktur.

Så vidt vi kan sjå av temakarta er det ikkje spesielle miljø, kulturminne, friluftsiinteresser eller andre interesser i det aktuelle området. Ei omdisponering av våre eigedomar, vil difor ikkje kome i konflikt med dei nasjonale føringane for strandsona. For dei av våre eigedomar som grenser til sjøen, er det så bratt mot sjøen at det ikkje er mogleg å ferdast der. Ei utviding av eksisterande bustadområde vil tvert imot vere positivt for miljøet, då det vil spare andre uberørte områder for utbygging.

Arealdelen i kommuneplanen skal gjelde for dei neste 10 – 15 åra. Det verker difor merkeleg at Fossevegen blir dratt fram som eit viktig argument mot ei vidare bustadutbygging på Moldekleiv. Ei oppgradering av vegen må kome i løpet av planperioden og då ligg alt til rette for bustadbygging. Det kan og nemnast at kommunen så seint som i 2006 godkjente ein privat reguleringsplan for utviding av Moldekleivmarka.

Eit anna argument som vi synes kommunestyret må ta hensyn til er at tomtane vart frådelt før Strandplanloven av 1971 endelig vart vedtatt. Vi har også merka oss at deler av det nye bustadområde Løypefona på Frekhaug ligg innanfor 100 meters grensa frå sjø. Her er det verken bratt eller vanskeleg å ferdast.

Våre besteforeldre var framsynte og såg mulighetane areala på Moldekleiv hadde. Hadde dei vist at kommunen ønsker å bruke areala til LNF-formål, er vi sikre på at dei ville bli skuffa over ein defensiv kommune som i tillegg gjør arven verdiløus for arvingane.

Vi vil på det sterkaste oppmode kommunestyret til å vere meir offensive og utvide det foreslåtte bustadområdet på Moldekleiv, B_4 med våre eigedomar.

Helsing



Bjarte Nordås

På vegne av

Jorunn Stavenes, eigar av gnr 27, bnr 48,
Wenche Sudmann Berntsen, eigar av gnr 27, bnr 48
Anna Dale, eigar av gnr 27, bnr 77
Terje Sudmann, eigar av gnr 27, bnr 78
Astrid I Haugland, eigar av gnr 27, bnr 79
Bjarte Nordås, eigar av gnr 27, bnr 80.